

Odda kommune

Kommuneplan-Samfunnsdel 2013-2025

Revidert etter kommunestyremøte 06.02.13 og språkvasking.

Fanesaker i Odda 2013 - 2025

- Kommunen som samfunn
- Kommunen som tenesteytar
- Regionsenterutvikling
- Byutvikling – det estetiske Odda
- Utvikling av Odda – byen i Hardanger og tettstadane Røldal, Skare og Tyssedal
- Industri og næringsutvikling
- Reiselivssatsing
- Energi, vassdrag og klima
- Barn og unge – *oppvekstmiljøet*
- Folkehelse, idrett og aktivitet
- Kultur som hjørnestein
- Samferdsel
- Infrastruktur – Veg, VAR, el og tele.
- Samfunnssikkerhet og beredskap
- Arealplan

Andre planar:

- Kommuneplan – Arealdel

Kritiske suksessfaktorar:

- Økonomi
 - Kommunebudsjett
 - Økonomiplan
 - Statlege overføringar
- Plankapasitet
- Næringsutvikling
- Folketalsutvikling
- Regionale og nasjonale planar og føringar

Om kommuneplanen:

- Kommuneplanen er det viktigaste styringsdokumentet i kommunen
- Kommuneplanen legg rammene for planlegging og aktivitet i kommunen
- Kommuneplanen har eit 12-års perspektiv.
- Kommuneplanen skal rullerast kvart fjerde år.
- Kommuneplanen blir vedteken i kommunestyret.
- Kommuneplanen i Odda skal vera kort og konkret, og skal kunna brukast som eit informasjonsdokument til innbyggjarar og samarbeidspartar, om Odda som samfunn og samarbeidspart, og Odda kommune som tenesteytar og organisasjon.
- Kommuneplanen sin samfunnsdel er grunnlaget for arealplanen. Denne viser bruk og vern av arealet i kommunen.
- Kommuneplanen sin samfunnsdel er også grunnlaget for økonomiplanen. Denne viser handlingsmål for samfunnsutvikling, styringsmål for tenesteutviklinga og prioritering av tiltak. Økonomiplanen har eit perspektiv på 4 år og skal rullerast årleg.

Resultatoppnåing i førre plan.

Barn og unge:

- Odda skal vera i front når det gjeld å gje barn og unge naturkunnskap og naturglede
- Barn og unge skal ha møteplassar i lokalmiljøet sitt

Kultur som hjørnestein:

- Stå for årlege kulturarrangement og hendingar som vekker nasjonal interesse og merksemd
- Ta vare på og vidareutvikla idrettsanlegg og prioritera anlegg der barn og unge er viktige brukargrupper
- Utarbeida ein kommuneplan for kulturminne og innarbeida retningslinjer for restaurering og nybygg i stølsområde.

Reiselivssatsing:

- Satsa på vinterturisme som mål i seg sjølv og som sesongforlengar.
- Friluftsliv, idrett og større arrangement – spissa aktiviteter inn mot reiseliv.
- Buarbreen – betra tilgjenge og utvikling av aktivitetar med fokus på Folgefonna nasjonalpark og Buer som besøksmål.
- Turstiar – tilrettelegga og merka turstiar i nærområda.

Folkehelse:

- Det vert laga ein plan for opprusting/merking av sti- og løypenettet.
- Barnehagane og skulane vektlegg fysisk aktivitet og sunt kosthald.

Energi- og vassdragskommunen Odda:

- Odda kommune er positiv til utbygging og fornybar energi som mikro- og småkraft.
- I løpet av 2006/2007 laga ein samla plan for kva vassdrag kommune ikkje vil tillata utbygging i, kvar ein kan vurdera utbygging og kvar i kommunen utbygging vil vera uproblematisk. Kommune bør vera restriktiv i høve til det verna Opo-vassdraget, i randsonene til nasjonalparkane og rundt hyttefelt.
- Odda kommune set snarast ned ein komite som jobbar vidare med energidelen av kommuneplanen.

Evaluering av denne planen

Kommuneplan – Samfunnsdel skal evaluerast årleg. Evaluering vert eiga sak i UTK og kommunestyre i første møte etter sommarferien.

Politiske prioriteringar:

- Bærekraft
- Jordvern
- Natur
- Kulturlandskap
- Verdiskapning og næringsutvikling
- Forming av bumiljø

Visjonen for Odda kommune

Odda - eit kraftfullt regionsenter i Hordaland – nummer ein i 2025. Ein engasjert og framtidsretta kommune bygd på kraft, opplevingar og omsorg.

Ein spydspiss i Hardanger

Odda skal vera ein aktiv samfunnsaktør, og ein kommune som er medviten rolla si som regionsenter. Merkevara Hardanger skal vera ein del av reiselivssatsinga.

Kraft

Odda er ein viktig energi- og vassdragskommune. Ressursane skal forvaltast på ein bærekraftig måte og samtidig bidra til utvikling av industri og næringsliv.

Handlekraft

Vi tar initiativ og viser både evne og vilje til å handla for å nå mål. Samhandling mellom fleire aktørar er ein føresetnad for å lukkast.

Opplevingar

Vi viser mangfaldet i aktivitetar og opplevingar for dei som bur i Odda og dei som vitjar Odda. Idrett, kultur, kunst og natur er fortrinna våre.

Omsorg

Kommunen sikrar at oppvekst- og omsorgsoppgåver har høg kvalitet. Lokalmiljø som skaper tryggleik og heimkjensle for yngre og eldre. Oppretthalda omsorgstilbod i grendene.

Eit framtidsbilde av Odda – Odda i front

I 2025 er Odda eit sterkt regionsenter som støtt går nye vegar for å vera i front. Vi har gode kommunikasjonar og høgt kompetansenivå. Samhandling gjer at Odda har styrka stillinga si innan industri, handel, service, reiseliv, kultur og som kunnskapssenter. Vi har eit mangfald av offensive små bedrifter og miljøvenlege, varierte og spennande arbeidsplassar.

I tillegg til å vera ein av dei fremste industrikommunane i landet er Odda også ein leiande idretts- og kulturkommune.

Odda, byen mellom to nasjonalparkar, er ein turistmagnet. Røldal er ein kjent vintersportsstad i Europa. Vi er på verdas kulturarvliste som industriminne. Store og små kjem til Odda for å oppleva og læra.

Det gode oppvekstmiljøet, den unike naturen og dei varierte friluftts- og fritidstilboda våre gjer at innbyggjarane trivst. Mange småbarnsfamiliar vel å flytta til og bu i den sunne kommunen vår. I 2025 er Odda ein stad alle har høyrte om og ser opp til. Næringslivet, innbyggjarane og besøkande har det gode liv i Odda.

Litt om Odda kommune

Odda kommune ligg søraust i Hordaland fylke. Per 01.01 2013 var innbyggartalet i kommunen på 6 998 – ein auke på 50 på eitt år. Den langvarige nedgangen i folketallet vart broten i 2011 og snudd til auke i 2012.

Kommunen er omkransa av to nasjonalparkar: Folgefonna i vest og Hardangervidda i aust. Kommunen har eit areal på til saman 1648 km². Store deler av kommunen er høgfjell og isbre. 90% av arealet ligg høgare enn 600 meter over havet.

Næringsliv.

Odda kommune er rikt utstyrt med naturressursar som har gitt solid grunnlag for næringsverksemd. Dei kraftforedlende bedriftene i kommunen, Boliden og Tizir Titan & Iron, er saman med ei sterkt veksande subseanæring svært viktige for sysselsettinga i kommunen. Mange lokale underleverandørar av varer og tenester har nytte av dei store bedriftene. Dei lange industritradisjonane i Odda har gitt kommunen ein solid industrikultur og kompetanse, ikkje minst innanfor miljø, prosess- og subseaindustri. Dette vil vera eit fundament for vidare industriutvikling i kommunen.

Odda har dei siste åra opplevd ei sterk auke i turistar som vil vitja kommunen.

Reiselivsnæringa og kommunen må nytta denne unike sjansen til å utvikla dette til å bli ei stor og berekraftig næring dei komande åra.

Næringsstruktur:

Sysselsette pr. næring i Odda kommune

Næring	2008	2009	2010	2011
Jordbruk, skogbruk og fiske	45	44	48	45
Industri og bergverk	1286	1242	1242	1258
Varehandel. Hotell og restaurant, samferdsel, finanstenester, forretningsmessig teneste, eigeidom	924	891	873	884
Offentleg administrasjon, forsvar, sosial, forsikring	110	118	115	115
Undervisning	241	247	239	228
Helse- og sosialtenester	840	873	851	821
Personleg tenesteyting	116	99	94	88
Ikkje oppgitt	15	14	17	11
SUM	3577	3528	3479	3450

1. Kommunen som samfunn

Ressursar:

Odda har mange sterke sider, og derfor eit stort potensiale for utvikling. Odda kommune har ressursar gjennom folk, areal og bygningar som kan få meir fart på kommunen og regionen, og skapa aktivitetar for landsdelen og Norge. Dette må vi visa og bruka:

Vi har:

- Industrikompetanse
- Miljøkompetanse.
- Høgteknologibedrifter av internasjonal klasse.
- Faglege nettverk innan industri, reiseliv, kultur og natur.
- Store vasskraftressursar og kraftinntekter.
- Lokalsjukehus.
- Kompetanse på kulturminnevern.
- Kompetanse på kulturutvikling og det å laga store arrangement.
- Fleire store arbeidsplassar som til saman kan skapa ein interessant arbeidsmarknad for ektefeller/sambuarar.
- Mange aktivitetar for barn/unge.
- Mange gode idrettsanlegg og eit godt tilrettelagt friluftstilbod.
- Eit godt bibliotek.
- Etablert samarbeid med universitet og høgskular.
- Kulturminne av nasjonal og internasjonal verdi.
- Ledige areal og bygg på Smelteverkstomta.
- Potensiale for reiseliv gjennom natur, kultur og aktivitetar.
- Ein viktig nasjonal institusjon i Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum.
- Eit mangfald av frivillige lag og organisasjonar.

Vi er:

- Eit trafikknutepunkt.
- Regionsenteret i Indre Hardanger.
- Ein nasjonalparkkommune.
- Eit fleirkulturelt samfunn.

Merksemd i perioden må rettast mot:

Odda kommune vil vera ein aktiv samfunnsaktør, til dømes i forhold til regional planlegging, og i diskusjon rundt struktur og oppgåvedeling mellom kommunane og regionale og sentrale styresmakter.

- Samordna krefter for felles satsing: Visa at vi står saman og visa kva vi har og kva vi vil.
- Bygga partnerskap og utnytta nettverk, visa handlekraft.
- Venda seg utover – nasjonalt og internasjonalt – for å henta idear og impulsar ved kontakt med organisasjonar, fora og nettverk.
- Utnytta samhandlingsreforma til å bidra til betra folkehelse, m.a. gjennom fokus på auka fysisk aktivitet for alle.
- Sikra kommunen sin tilgang på økonomiske midlar for å investera i utvikling av Odda kommune til det beste for regionen.
- Definerer kjerneoppgåver og tenestekvalitet, vidareutvikla omstillingsevna, sørga for kvalifisert arbeidskraft og kompetanseutvikling.
- Sikra ein heilskapleg og miljøretta utbyggingsstrategi basert på effektiv arealutnytting, grønne verdiar og eit godt transporttilbod.
- Bygga opp eit nasjonalt senter for industrihistorie, knytta til verdsarvprosjektet.
- Utvikla senter for industriarkiv i Noreg.
- Vidareutvikla vitensenteret for barn og unge for å vekke interessa for realfag.
- Utnytta Campus Odda til å leggja til rette for auka fysisk aktivitet for alle.
- Bidra til ei vidareutvikling av dei regionale utdanningsinstitusjonane i Odda.
- Ha fokus på universell utforming og tilrettelegging for alle.
- Sørgje for eit variert næringsliv ved å vera ein aktiv tilretteleggjar.
- Tiltak for innvandrarar
- Sikra planleggingskapasitet.

2. Kommunen som tenesteytar

Målsetting:

Odda kommune skal innanfor lov, tilgjengelege ressursar og lokale føresetnader yta innbyggjarane velferdstenester og vera ein garantist for rettferdig fordeling av goder for kommunen sine innbyggjarar. Kommunen sine tenester og omsorgstilbod skal så langt det går tilpassast den enkelte sine behov og ønske. Tenestene skal vera lett tilgjengelege.

Plattform for Odda kommune:

- Respekt, imøtekomande og løysingsorientert:
 - kvaliteten og opplevinga ligg i møtet mellom brukar og tenesteytar.
- Brukarmedverknad.
- Kvalitet i alle ledd – gjennom måling, læring og forbetring.
- Kostnadseffektive og samordna tenester.
- Samarbeid og samhandling der Odda kommune er ein aktiv part:
 - Samarbeid med andre kommunar og aktørar om tenesteyting.
 - Interkommunale løysingar.
- Kompetente og ansvarlege medarbeidarar.
- Godt mottak av og gode tilbod til innvandrarar.

Merksemd i perioden må rettast mot:

Barn og unge – aktiviteter og opplevingar

- Mangfald i kultur- og idrettsaktivitetar.
- Kvalitet i barnehage og skule.
- Bruka aktivt den gode kvaliteten i barnehagar og skular til å profilera kommunen
- Trygge oppvekstmiljø.
- Fokus på gode tilbod for uorganiserte aktivitetar for barn og unge.

Helse og omsorg

- Forventingsavklaring mellom tenesteytar og innbyggjarar/brukarar.
- Førebygging og behandling.
- Samhandling kommune, pårørande og frivillig sektor.
- Menneskeleg nærleik, aktivitetar og opplevingar.
- Godt utbygd aktivitetstilbod for eldre.
- Gode pleie- og omsorgstilbod i heimebaserte tenester og sjukeheimar.
- Prioritere menneskeleg nærleik.

Kommunikasjon

- Kommunikasjon: Vi skal ha ei aktiv haldning, gje rask respons, invitera til dialog og vera opne. Vi skal ha gode rutinar for brukarmedverknad.
- Informasjon: Kommunen sin informasjon skal vera målretta, planmessig og sett i samanheng, variert i bruk av verkemiddel. Informasjonen skal vera basert på brukarane sine behov.
- Overhalda innbyggargarantien for responstid.

Kvalitet

- Alle tenesteområda skal utvikla kvalitetsindikatorar som sikrar politisk styring av ønska kvalitetsnivå for tenestene.

Oppgåvefordeling

- Ansvarsdeling: Enkeltindividet, familien, nærmiljøet og frivillige organisasjonar tar hand om viktige oppgåver som det offentlige vanskeleg kan ivareta.

3. REGIONSENTERUTVIKLING

Odda er i fylkesplanen for Hordaland definert som eit regionsenter.

Målsetting:

Odda skal vera svært bevisst på rolla som regionsenter, og gjennom initiativ og engasjement vidareutvikla service-, handels-, kultur- og fritidstilbodet til nytte for innbyggjarane i regionen.

Merksemd i perioden må rettast mot:

- Vidareutvikla kommunen som vertskommune for industriutvikling.
- Odda vidaregåande skule må oppretthalda eit breitt undervisningstilbod slik at færrast råd av ungdommane i regionen slepp å reisa vekk for å ta vidaregåande utdanning.
- Odda vidaregåande skule skal vera ein moderne og attraktiv skule for regionen og vera tilpassa næringslivet sine behov.
- Innanfor samhandlingsreforma må kommunen saman med dei andre kommunane i regionen utvikla nye tilbod i samarbeid med sjukehuset i Odda, som sikrar Odda sjukehus og som kan gje tilbod på andre/nye helsetenester til kommunane i regionen.
- Handelsnæringa i Odda må styrkast ved at det vert lagt til rette for utbygging av nye forretningslokale nær det eksisterande butikkmiljøet i sentrum.
- Kommunen bør utvida opningstidene for kommunale tilbod og tenester.
- Handelsnæringa bør utvida opningstidene i fleire aktuelle butikkar.
- Kommunen skal bidra til å utvikla Smelteverksområdet med tiltak som kan verka som trekkplaster for familiar, hyttefolk, turistar og handlande frå andre kommunar.
- Odda kommune må utnytte Unesco-prosessen og ein eventuell Unesco-status, og leggja til rette for eit visningssenter på Smelteverkstomta som presenterer både industriutviklinga, kulturen og naturen i kommunen og regionen (Hardangersenteret).
- Unescoprosessen skal ikkje vera til hinder for næringsutvikling.
- Fronta ny landsline for smedfag på Smelteverkstomta.
- Leggja til rette for utvikling av eit fleikulturelt mangfald.
- Definere Odda si rolle som regionsenter.
- Kjempa for å ta vare på regionale og statlege arbeidsplassar, og søke å få etablert nye.

Aksjonar:

- Det må arbeidast for at Odda sjukehus m.a. vert tillagt spesialistfunksjonar som sikrar kirurgisk kompetanse ved sjukehuset.
- Odda kommune og næringslivet engasjerer seg ovafor skuleeigar (Hordaland fylke og Stiftinga for Høgskuleundervising i Hardanger(SHIH)) for å sikra best moglege rammer og skuletilbod.

- Setja av ressursar til eitt målretta prosjektarbeid for å tiltrekka seg, eller skapa nye statlege arbeidsplassar i kommunen.
- Ta initiativ til samhandling mellom kommunane i regionen og sjukehuset, og mellom 1. og 2. linje helsetenester.
- Viktig å ha fokus på effektar av Jondalstunnelen og Hardangerbrua.
- Lindehuset som regionalt kulturbygg.
- Samarbeid med nabokommunar.
- Legga til rette for Næring/industriklynger der det er gode vilkår for «knoppskyting.»
- Regionalplan for attraktive senter -jmf. Hordaland fylke sin plan for regionsenter.

4. BYUTVIKLING – DET ESTETISKE ODDA

Målsetting:

Med framtida i sentrum: Frå Smelteverkstomta til den nye bydelen «Lindeparken».

Odda by skal bli meir attraktiv både estetisk og funksjonelt. Smelteverkstomta er det viktigaste verkemiddelet vårt for å koma vidare i arbeidet med å vidareutvikla kommunen og byen som ein meningsfull arena for handel, næringsverksemd, offentlege tenester, fritidsaktivitetar inne og ute og kulturopplevingar. Bykjernen i Odda må bli eit heilskapleg sentrum der Smelteverkstomta er ein naturleg del. Dette oppnår ein best ved å skapa aktivitetar i byromma, og ved å bygga ut og vidareutvikla bygg og anlegg. Estetikk, tryggleik og miljø skal danna grunnlag for den vidare utbygginga. Det fysiske og kulturelle miljøet skal vera ivaretatt og tilgjengeleg for alle.
Utvikling av Almerket bydel

Merksemd i perioden må rettast mot:

- I omformingsprosessen på Smelteverkstomta må området haldast mest mogeleg ryddig. Aktuelle areal for offentlig bruk vert sett i stand.
- Det må leggjast til rette for meir parkeringskapasitet nær handelssentrum i Odda.
- Kommunen må vera pådrivar ovafor huseigarar for å få til estetisk oppgradering i Odda sentrum.
- Heile sentrumsområdet bør gjennomgåast i samarbeid med huseigarane med tanke på estetisk oppgradering.
- Integrera verna bygg i moderne byutvikling gjennom eit godt samarbeid med grunneigarar, investorar, Riksantikvaren, Hordaland fylkeskommune og andre aktørar.
- Framtidig utvikling av Smelteverkstomta.

Aksjonar:

- Laga ein handlingsplan for universell utforming av eksisterande kommunale bygg og uteareal.
- Gjennomføra planlagte opprustingstiltak i Eitrheimsvegen/strandpromenaden
- Utvikla området langs Opo til å bli ein viktig del av sentrum.
- Prioritera heilskapleg byplanlegging
- Oppgradering av sentrum i Odda.
- Aktiv deltaking i Mulighetsstudiet av Smelteverkstomta.
- Utvikla sentrumsnær småbåthamn.
- Bruka steinmassar til opparbeiding av nytt areal.
- 20% av nye parkeringsplassar skal ha vanlege ladepunkt for EL-bilar.
- Bygge ut ladepunkt for EL-bilar i takt med behovet.

5. ODDA - BYEN I HARDANGER OG TETTSTADANE RØLDAL, SKARE OG TYSSedal

Målsetting:

Vidareutvikla Odda by og tettstadene som gode stader å leva og bu.

Merksemd i perioden må rettast mot:

- Fortsetja utviklinga av Hovden og området langs Sandvinsvatnet som eit attraktivt friområde for alle .
- Legga til rette for ei sentrumsdanning i Røldal som set bygda i stand til å vidareutvikla seg som attraktivt turiststad m.a. ved å utabeida og vedta ny sentrumsplan.
- Legga til rette for bygging av utleigebustadar i Røldal.
- Legga til rette attraktive tomter både i Odda by og i grendene.
- Utviklinga i Odda skal konsentrerast om Odda, Røldal, Skare og Tyssedal. Ca. 92% av innbygarane bur i tettbygde strok, og det blir i hovudsak ikkje lagt til rette for spreidd busetnad.
- Tyssedal, Skare og Røldal med sine positive særpreg skal vidareutviklast i eit samspel mellom det offentlege, enkeltpersonar, næringsliv og frivillige lag og organisasjonar.
- Gjera byen og bygningane tilgjengelege for alle.
- Legga vekt på dei sosiale og uformelle møteplassane
- Legga til rette for ei god utvikling og utforming av næringsareala i kommunen.

Aksjonar:

- Dialogen med velforeningane og grendene i kommunen må vidareutviklast.
- Bustad og tomtepolitikken må settast i fokus for å legga til rette for forsvarleg bustadstandard med særleg vekt på unge i etableringsfasen og barnefamiljar.
- Det skal til ei kvar tid vera tilgjengelege bustadtomter for etablerarar både i Odda og i grendene.
- Styrka dialogen mellom kommunen og bydelane /grendene
- Laga stadanalyse for Røldal.
- Legga til rette for nye bustadområder og tomter
- Vurdera omlegging av veg ved Håbru pga vinterproblem.
- Prioritera oppgradering av historiske bygg (Eks Tveitahaugen).
- Planar for vidareutvikling av Hovdenområdet og turområdet langs Sandvinsvatnet
- Opparbeida turveg langs Opo.
- Rydda opp i og utvida næringsarealet i kommunen.

6. INDUSTRI OG NÆRINGSUTVIKLING

Målsetting:

Odda – ein allsidig arbeidsmarknad. Odda skal vera eit regionalt senter for industri, handel, reiselivsopplevingar, kultur, service og kunnskapsnæringar. Smelteverkstomta er ein sentral arena i utviklinga av nye næringar. Vi skal også ha attraktive arbeidsplassar for folk med høgare utdanning. Eksisterande statlege arbeidsplassar blir tatt vare på. Odda skal i planperioden få ein større statleg arbeidsplass. Vår verdsløiande industri skal vere sikra langsiktige og føreseielege rammevilkår.

Merksemd i perioden må rettast mot:

- Bedriftene og Odda vidaregåande skule (OVS) bør vera aktive for å rekruttera ungdom til utdanning og yrkesval som er relevant for næringslivet i Odda.
- Samarbeidet mellom næringslivet, Odda vidaregåande skule (OVS) og Stiftinga for høgskuleutdanning i Hardanger (SHIH) bør vidareutviklast.
- Høgskule/kompetansesenteret i regionen må vidareutviklast i samarbeid med OVS og SHIH.
- Utvikla attraktive bustadmiljø og skapa eit urbant sentrum som tiltrekker seg kompetent arbeidskraft.
- Tilrettelegga for rekruttering av kompetent arbeidskraft med innvandrarbakgrunn.
- Tilrettelegga for utvikling av industriområder.
- Vidareutvikla næringsklynger innan industri.
- Legga til rette for lokalisering av «ikkje stadbundne» arbeidsplassar.
- Strategi for at ulike fag, herunder kompetansearbeidsplassar etablerer seg i Odda. Unike naturopplevingar og den effektive småbyen med gode tenester skal tiltrekka seg enkeltpersonar, firma og familiar som finn våre føremoner meir attraktive enn storbyane.

Aksjonar:

- Tilrettelegga nytt næringsareal i samsvar med Strategisk næringsplan, gjerne i samarbeid med andre kommunar.
- Eigen kommunal kontaktperson og pådrivar for næringsutvikling.
- Laga ein samla presentasjon av tilgjengelege næringsareal i kommunen for marknadsføring av desse.
- Auka marknadsføringa av kompetansen i Odda-bedriftene.
- Ha fullt næringsfokus i administrasjonen – verta opplevd som ein næringsvenleg kommune.
- Viktig med funksjonsblanding på same areal.
- Arbeida for å utvikla eit variert næringsliv.
- Bidra til oppstart av desentralisert ingeniørutdanning.
- Laga plan for Liamyrane som næringsareal i samband med ny E-134.
- Styrka Næringshagen i Odda og i regionalt nettverk

- Tilby «ikkje stadbundne» firma og enkeltpersonar kontorfelleskap og sjansen til å delta i eit innovativt miljø. «Odda skal tilby gode fasilitetar og muligheter for yrke der ein like godt kan arbeida i Odde som Oslo.

7. REISELIVSSATSING

Målsetting:

Kommunen skal tena pengar på det reiselivet som det vert lagt til rette for. Turismen skal ha god kost/nytte-effekt.

Odda i Hardanger – skal igjen bli eit kjent reisemål i Europa.

Odda – kommunen mellom Hardangervidda nasjonalpark og Folgefonna nasjonalpark skal utviklast til eit dynamisk regionalt handels- og servicesentrum. Den skal vera ein attraktiv aktivitets- og arrangementsstad både for lokalbefolkninga og besøkande. Det skal fokuserast både på historien, kulturminna og på framtida sine industri-, energi- og miljøløysingar.

Merksemd i perioden må rettast mot:

- Kontinuerleg fokus på korleis vi skal tena pengar på reiselivet i regionen. Reiselivssatsingar skal ha innteningspotensiale - «kasseapparat.»
- Heilårsope turistkontor for å utnytta både sommar- og vinterturismen maksimalt.
- Det bør satsast hovudsakleg på marknadsføring og tilrettelegging av dei største attraksjonane som Tyssedal/Skjeggedal, Buarbreen/Folgefonna, Låtefoss/Fossedalen, Røldal stavkyrkje og Røldal Skisenter og friluftsområdet på Seljestad.
- Tilrettelegga for ny persontransport frå Skjeggedal for å gjera Trolltunga meir tilgjengeleg som attraksjon.
- Reiselivsnæringa må vera ein tydeleg aktør i organisasjonane FjordNorge og Reisemål Hardangerfjord.
- Utnytta ein eventuell Unesco-status i reiselivssatsinga.

Aksjonar:

- Bidra aktivt for å få til meir overnattingskapasitet i sentrum. Fortrinnsvis ved å få aktørar interessert i å bygga konferansehotell sentralt i Odda og marknadsføra dette potensialet.
- Ny og betre skilting for informasjon om kommunen og attraksjonane.
- Oppretta stilling som reiselivskoordinator på heilårsbasis som kan utvikla reiselivet i kommunen i samspel med reiselivsaktørane.
- Røldal skisenter som kjent skidestinasjon må framhevast og nyttast i utvikling og marknadsføring for heile reiselivs- og handelsnæringa i kommunen.
- Tilrettelegga eit tilbod for bubilar på smelteverkskaien på Almerket.
- Søka om at status som spesiell turiststad skal gjelda for heile kommunen
- Samling av alle reiselivsaktørar i ein organisasjon.
- Samordna og profesjonell satsing – også regionalt samarbeid.
- Tilrettelegging og produktutvikling
- Legga til rette for utvikling av fyrtårnet Trolltunga.
- Planar for oppgradering av Låtefossområdet i regi av Nasjonal turistveg.
- Vurdera planar for turisthytte ved Floren.
- Vurdera alternativ til Trallebanen.
- Tilrettelegging i Skjeggedal

- Utvikla tilbod for å halda på turistar
 - overnattingstilbod
 - European Route of Industrial Heritage (ERIH)

8. Energi, vassdrag og klima

Målsetting:

Odda – eit kraftsenter

Odda kommune har som målsetting

- Å leggja til rette for ei miljøvenleg energiforvalting
- Å vera eit kompetansesenter innan vasskraft
- Arbeida for å bli ein stor offentleg krafteigar, evt. gjennom konsortium med andre kommunar og aktørar.

Merksemd i perioden må rettast mot:

- Forvalting av eigne kraftressursar
- Alternative energikjelder
- Oppfølging av målsettingar i Klima- og energiplanen, OK –sak 112 /11, samt ny vassforskrift
- Vurdera å bruka deler av kraftinntektene til å investera i eigarandelar i kraftselskap

Aksjonar:

- Odda kommune vil arbeida målretta for etablering av energinettverk og for ein lokal avdeling av NVE i Odda.
- Satsa vidare på ungt entreprenørskap retta mot energiproduksjon, spesielt gjennom programmet Smartere Energi.
- Utarbeida ein forpliktande plan for iverksetjing av tiltak omtala i Klima- og energiplanen.
- Utarbeida og gjennomføra Enøk-tiltak i kommunale bygg etter ein revidert plan
- Etablere anlegg for å tanka naturgass for bilar og båtar og tilrettelegga for ladestasjonar for el- og hybridbilar.
- Utnytta spillvarme frå industriverksemder.
- Setja ned eit eige prosjekt som arbeider med overtaking av kraftselskap, konsortie eller oppkjøp i kraftbransjen. Det skal setjast av ressursar for å nå målsetjinga om å bli kraftprodusent.
- Vera aktiv i og målbevisst i revideringa av konsesjon for kraftverk i dei områda Odda kommune har slike rettar.

9. Barn og unge – oppvekstmiljøet.

Målsetting:

Odda – ein utviklande, utfordrande og sunn kommune for barn og ungdom.

Odda skal være ein stad der det er godt å vaks opp for barn og ungdom. Barn og unge skal vera sikra gode kommunale tenester med utgangspunkt i full barnehagedekning, kvalitet i barnehagane og gode skuletilbod med fokus på læring ut frå den enkelte sine evner og føresetnader. Barn og unge skal ha tilgang på eit allsidig fritidstilbod, aktivitetar og opplevingar i nærmiljøet.

Merksemd i perioden må rettast mot:

- Sikra gode ferdigheiter i basisfaga (lesing, skriving og rekning)
- Styrka og utvida aktivitets- og kulturtilbodet for barn og ungdom.
- Trygt oppvekstmiljø gjennom trygg skuleveg, og vidareføring av den førebyggjande innsatsen mot mobbing, kriminalitet og rus.
- Fokus på tidleg innsats i førebyggjande arbeid.
- Sikra godt inne- og utemiljø i kommunale bygg for barn og unge.
- Sikra god integrering av framandspråklege.
- Tilrettelegging av motorcrossbane i lag med brukargrupper.

Aksjonar:

- Oddaskulane skal vera i front på tilpassa opplæring.
- Odda skal vera i front når det gjeld å gje barn og unge naturkunnskap og naturglede.
- Skuleelevane i Odda skal ha sikre skuleveggar, slik at fleire elevar kan gå eller sykla til skulen.
- Barn og unge skal ha møteplassar i sine nærmiljø.
- Oppretthalda og marknadsføra «trygt heim»-ruter for ungdom.
- Prioritere gatelys og gangfelt på strekningar der skuleborn skal gå eller sykla

10. Folkehelse

Målsetting

- Folkehelsearbeidet skal bidra til at Odda blir ein trygg og triveleg kommune å bu i.

Merksemd i perioden må rettast mot

- Førebygging og helsefremmande tiltak.
- Integrasjon av folkehelse og helsefremmande arbeid i heile organisasjonen
- Førebygging av psykiske vanskar og lidingar hos barn og unge
- Sosial forskjell i helse
- Prosjekt Interkommunalt Folkehelsearbeid i Hardanger
- Utvikla modell for eit interkommunalt Frisklivs- og mestringscenter i samarbeid med Odda sjukehus gjennom «Helsetorgmodellen».
- Fysisk aktivitet for alle, kosthald og førebygging mot rus
- Sikker og trygg kvardag for eldre
- Oppfølging av trafikksikringsplanen

Aksjonar

- Folkehelse og påverknadsfaktorar i forhold til helse skal vera en del av konsekvensutgreiinga i all planlegging
- Styrka og vidareutvikla samarbeidet om helsefremmande arbeid med frivillige lag og organisasjonar
- Trafikksikring av vegane til skulane slik at fleire av elevane kan gå eller sykla til skulen.
- Etablere Frisklivs- og mestringscenter i Odda
- Sikra regionen nødvendig kompetanse for å ivareta psykisk helse.
- Tidleg intervensjon i alderen 0-3 år i risikogrupper slik at barna får tidleg naudsynt hjelp.
- Videreutvikla samarbeidet med idrettslag med fokus på fråfall i idretten og utjamning av sosial skilnad i deltaking i idrettsaktivitetar.
- Skulane og barnehagane vektlegg fysisk aktivitet og sunt kosthald
- Skapa fleire gode sosiale møteplassar for alle
- Gjera dei nære friområda våre meir tilgjengelege, attraktive og universelt tilrettelagde der det er mogleg.
- Tryggleik i heimen til eldre
- Forebyggingstiltak for å hindra at eldre skadar seg ved å gli på is og snøføre.
- Auka satsing på nye gang- og sykkelveggar.
- Daglege aktivitetar for barn f.o.m. 1. klasse.
- Tilrettelegging for friluftsliv.
- Støtte til drift av løypeselskap.
- Parkering for sykkel i bygdene og i sentrum.
- Turstiar i nærrområde.

11. Kultur som hjørnestein.

Målsetting:

Odda – ein leiande kulturkommune i Norge.

Odda skal fortsatt satsa på kultur. Kulturtilbodet er viktig for dei som bur i Odda, og ikkje minst for barn og unge. Kultur er ein faktor som kan gjera Odda litt annleis og meir interessant for folk som ønsker å busetta seg eller leggja næringsverksemda si hit. Kultur er viktig i utviklinga av Odda som regionsenter, der vi har ansvar for å komplettera nabokommunane med tilbod og aktivitetar. Utnytta potencialet vi har i høve til reiselivet og den aktive og kulturinteresserte turisten. Odda skal vidareutviklast som ein idrettskommune.

Merksemd i perioden må rettast mot:

- Odda kommune skal satsa på desse hjørnesteinane innan kultur:
 - Lag og foreiningar, herunder idretten.
 - Norsk vasskraft- og industristadmuseum.
 - Odda kino og biblioteket.
 - Meieriet kulturhus og kulturskulen.
 - Lindehuset som regionalt kulturhus.
 - Litteratursymposiet som merkevare.
 - Pilegrimssenteret i Røldal.
 - Campus Odda – Idretts- og anleggsplan.
 - Vidareutvikling av Vitensenteret
- Odda kommune skal være aktiv medspelar og pådrivar i prosjekt som satsar på næringsutvikling basert på kulturverksemd og kulturminnevern.

Aksjonar:

- Det skal leggast særleg vekt på å motivera og støtta opp under frivillige sin innsats i kultur og idrettsarbeidet.
- Styrka kulturtilbodet i planperioden der barn og unge er ei sentral målgruppe.
- Utvikla tilbod innan dans og teater.
- Gje særlig støtte til lag og organisasjonar som arrangerer festivalar/ større arrangement for barn og unge.
- Gje støtte til årlege kulturarrangement og hendingar som vekker nasjonal interesse og merksemd.
- Ta vare på og vidareutvikla idretts- og badeanlegga gjennom Campus, der barn og unge er viktige brukargrupper.
- Arbeida for oppretting av galleritilbod i Odda sentrum.
- Arbeida for oppretting av eit idrettsmuseum i Odda.
- Legga til rette for vidareutvikling av Litteratursymposiet og Litteraturhuset.

- Legga til rette for vidareutvikling av Blueshelga
- Legga til rette for vidareutvikling av idrettstilbodet i Odda kommune

12. Samferdsel

Målsetting:

Odda – eit knutepunkt

Eit heilt og samanhengande transportsystem med fullgod standard er avgjerande for vidareutvikling i Odda og Hardangerregionen.

Merksemd i perioden må rettast mot:

- Eit raskest mogleg vegsamband mellom Odda og Bergen via Folgefonntunnelen og Jondalstunnelen
- Rassikring
- Betre buss -, båt- og ferjeforbindelsar
- Vurdera ny plassering av kollektivterminal.
- Sterkare fokus på stamvegutbygging på E-134
- Gjennomgangstrafikken i Odda sentrum
- Riksveg 13, Skjelvik - Odda, Oddadalen og Brattlandsdalen.
- Arbeida for realisering av Haukelibanen.
- Konsekvenser av ny samferdselsstruktur
 - Arbeidsmarknad
 - Gjennomgangstrafikk aust-vest
 - Betydning av E134

Aksjonar:

- Odda pakken, Tyssedal/Eitrheim – Jøsendal, som inkluderer gjennomgangstrafikken i sentrum, rassikring, plan over rasteplassar, gang og sykkelstiar
- Tilrettelegga for rasteplassar i heile kommunen.
- Tilrettelegga for bubilcamp i sentrum
- Arbeida for fortsatt opne tunnelar Seljestad – Håradalen som del av Rv13 etter opning av ny E134 Korlevoll – Liamyrane.
- Oppgradera strekningane Odda – Jondal – Bergen til riksveg-/stamvegstatus
- Bruforbindelse Belsnes – Ljones.
- Støtta indre alternativ for E39 og snarveg Eikelandsosen – Strandebarm.
- Auka satsing på nye gang- og sykkelveggar
- Styrka kulturminnet Gamlevegen over Røldalsfjellet.
- Påverka staten si satsing på turistveggar.
- Satsa på vegselskap for utvikling av dei prioriterte gjennomfartsårene våre, som t.d. Haukelivegen AS og Hardangervegen AS, jmf arbeidet med Folgefonn og Jondalstunnelen.
- Planlegging av nytt kryss på Liamyrane i samband med ny E134.

13. **Infrastruktur – veg, VAR, el og tele**

Målsetting:

- Sikkert drikkevann
- Godt vassmiljø
- Årsgebyr innan VAR skal vera lavare eller lik landsgjennomsnittet.
- Tilfredsstillande vedlikehald av kommunale vegar
- God koordinering mellom veg- og leidningsetatane
- Godt vedlikehaldne samleplassar med plass for kjeldesortering.

Merksemd i perioden må rettast mot:

- Oppgradera kommunale vegar
- Rett VA- anlegg til rett tid
- Internkontroll/ beredskap innan VA
- Konsekvensutgreia innføring av parkeringsavgift.
- Måla kor nøgde kundane er med renovasjonstenesta og gjenvinninga.

Aksjonar:

- Videreføra Asfalteringsprogrammet
- Utarbeida Program for vedlikehald av bruer
- Bygga ut Nye VA- leidningar Løyning hytteområde, Hesjabakk/Korlevoll og nye bustadområder.
- Nytt vasshandsamingsanlegg på Seljestad
- Plan for overvasshandtering i kommunen
- Nye avløpsrensaneanlegg på Holmen og Hildal
- Overvåkingsprogram av ferskvassforekomstar og Sørfjorden i samsvar med vassforskrifta
- Samhandlingsavtale mellom veg og leidningsetatane
- Utredda parkeringsordning for Odda sentrum og p-plasser i tilknytning til friområder.
- Auka informasjon om renovasjonstenesta og nytten av kjeldesortering.

14. Samfunnssikkerhet og beredskap

Tryggleik og beredskap

Hovedprinsippet er at den verksemda som har ansvar for ein sektor i en normalsituasjon, også har ansvaret i ein krise/beredskapssituasjon.

Målsetting:

Odda kommune vil gjennom planlegging og øvingar vidareutvikla samfunnsberedskapen for å trygga lokalsamfunnet ved uønska hendingar.

Merksemd i perioden må rettast mot:

- Samarbeida om planlegging og gjennomføring av øvingar med andre naudetatar og kjemiske verksemder
- Rask iverksetjing av tiltak når krisa oppstår
- ROS – analyse blir brukt aktivt som styringsdokument
- Rassikring
- Ras- og flomfare kartlegging
- Bygningsmasse og forureining i tilknytning til smelteverkstomta

Aksjonar:

- Utarbeida/oppgradera overordna ROS-analyse
- Utarbeide beredskapsplanar for alle kommunale tenesteområde basert på ROS analyse
- Etablere eit beredskapsråd i Odda kommune (samarbeidsorgan i beredskapsspørsmål)
- Øva regelmessig internt og saman med samarbeidspartnarar/ naudetatar i forhold til aktuelle hendingar. Kommunen initierer årleg eigne beredskapsøvingar.
- Involvera frivillege organisasjonar i beredskapsplanar og i Beredskapsrådet
- Utarbeida oppdaterte planar i samband med rassikring.

Kommuneplan - Arealdel

Målsetting:

Odda kommune skal gjennom overordna og helheitleg arealplanlegging sikra at areal og naturressursar vert forvalta på ein bærekraftig måte.

Merksemd i perioden må rettast mot:

- Reguleringsplan i dei fastsatte områda i kommunen
- Planarbeid for hovudtrasear for riksveg i Odda sentrum, Oddadalen, Seljestad og Røldal
- Ivaretaking av ny vassforskrift

Aksjonar:

- Revidera kommunen sin arealplan i samsvar med ny samfunnsdel i kommuneplanen
- Vera aktiv i samarbeid med private interessentar
- Vera aktiv i samarbeid med statlege og fylkeskommunale plannivå

Aksjonar omtala i dette dokumentet legg premissane for utarbeiding av ny Kommuneplan – Arealdel.

Ajourført etter kommunestyret si handsaming 06.02.2013